

Referat etter SMU- møte Hordabø skule 22.04.2015

Desse møtte:

Mette Marøy, FAU

Grethe H. Titland, føresett

Kristin Helland, lærar

Anders Kvalheim, elev

Ulrikke Haugland, elev

Anne-Berit Bø Palmesen, politisk representant

Hanne-Mari Engen, rektor

Rektor informerte om skolemiljøutvalet (SMU) sitt mandat. Me gjekk og gjennom kommunal rettleiar frå kommunalsjef Jo Tømmerbakke, om kva som er SMU si rolle.

Skulen har hatt tilsyn for miljøretta helsevern. Der oppdaga me avvik hovudsakleg på nokre punkt som går på vedlikehald av bygg. Det me har ansvar for her på skulen har me langt på veg retta opp, og teknisk skal ta ansvar for det som gjeld bygg.

Me hadde elevundersøking i haust. Der meldte elevane om framgang frå førre undersøking, for indikatorane: *trivsel, støtte frå lærarane, vurdering for læring, motivasjon, elevdemokrati og felles reglar*. Me skårar betre enn nasjonalt nivå i *vurdering for læring*. Vurdering har vore og er eit stort satsingsområde for skulen, så dette var gledeleg. Førre undersøking skåra me betre enn nasjonalt nivå når det gjeld mobbing. No ser me ei lita auke i mobbetala. Me kjem til å halda fram med å jobba systematisk, for å redusera mobbing på skulen vår.

Skulen har hatt mykje fokus på å etablera felles reglar og rettleiarar (for elevsamtale, friminutt, åtferd i timar osb.) Her har me og stor framgang i undersøkinga, og ligg på landsgjennomsnitt. Me ligg litt under nasjonalt nivå når det gjeld *støtte frå heimen*. Støtte frå heimen kan betra læring på skulen. Foreldrerepresentantane meiner foreldra kan trenge litt rettleiing for t.d. korleis ein rettleier ungane i matematikk, fordi det manglar døme eller klare formular i bøkene. Me har og elevar som skårar dårligare på *motivasjon* enn nasjonalt nivå. Det hadde vore bra om skule og heim kunne samarbeida og støtte elevane til å betra motivasjonen for å læra.

Referent Hanne-Mari Engen